



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 11.12.2017  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:00 - 16:00

Orientering v/dagleg leiar i GMU Ragnhild Undertun i starten av kommunestyremøte.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Daae	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Astrid Daae Kristiansen	H	Bjarte Andvik

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
074/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
075/2017	Godkjenning av møtebok
076/2017	Endra vedtekter for barnehagane - § 6 opptak av barn
077/2017	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - handlingsplan for 2018
078/2017	Avvikling av kommunal heimevernsmnd
079/2017	Sluttrapport - Matre Idrettsanlegg
080/2017	Biosfæreprosjektet
081/2017	Gjennomføring av kommunale vigsler i Masfjorden kommune etter endring i ekteskapslova frå 1.1.2018
082/2017	Kraftfondsbudsjett for 2018
083/2017	Årsbudsjett 2018 og økonomiplan & handlingsplan 2018-2021
084/2017	Referatsak
085/2017	Endeleg godkjenning av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

## **074/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Karstein Totland (H) gjorde framlegg om at sak PS 085/17 vert handsama før sak PS 077/17.

Det vart gjort framlegg om Lene Hansen Kvamsdal og Jon Hope til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 074/2017 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

---

## **075/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 075/2017 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjend.

---

## **076/2017: Endra vedtekter for barnehagane - § 6 opptak av barn**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Frå og med året 2018 vert inntaksreglane endra slik: «Masfjorden kommune har to barnehageinntak for året. Søknadsfristen er 1. mars og 1. oktober, med oppstart 15. august og 1. januar.

### **28.11.2017 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 113/2017 VEDTAK:**

**Frå og med året 2018 vert inntaksreglane endra slik: «Masfjorden kommune har to barnehageinntak for året. Søknadsfristen er 1. mars og 1. oktober, med oppstart 15. august og 1. januar.**

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 076/2017 VEDTAK:**

**Frå og med året 2018 vert inntaksreglane endra slik: «Masfjorden kommune har to barnehageinntak for året. Søknadsfristen er 1. mars og 1. oktober, med oppstart 15. august og 1. januar.**

---

## **077/2017: Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - handlingsplan for 2018**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for 2018:**

#### **27.11.2017 ELDRERÅDET**

Oppvekstleiar Alf Strand orienterte om plan og handlingsplan for 2018.

Saka vart drøfta.

Inger Jåstad la fram følgjande tilleggspunkt til handlingsplan 2018:

Ekstra punkt under 1.6 i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - som då blir h) Tilrettelegge aktivitetar som er særskilt tilpassa dei eldre.

Framlegg frå rådmann med tilleggspunkt frå eldrerådet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **ER - 011/2017 VEDTAK:**

**Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for 2018**

**Ekstra punkt under 1.6 i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - som då blir h) Tilrettelegge aktivitetar som er særskilt tilpassa dei eldre.**

#### **27.11.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Helse og omsorgsleiar Helga Irene Ellingsen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne la fram følgjande tilleggspunkt til handlingsplan 2018:

Ekstra punkt under 1.6 i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - som då blir i) Tilrettelegge aktivitetar som er særskilt tilpassa funksjonshemma.

Framlegg frå rådmann med tilleggspunkt frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **RMNF - 007/2017 VEDTAK:**

**Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for 2018**

**Ekstra punkt under 1.6 i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - som då blir i) Tilrettelegge aktivitetar som er særskilt tilpassa funksjonshemma.**

## **28.11.2017 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 115/2017 VEDTAK:**

#### **Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for 2018:**

##### A Ordinære anlegg

- 1 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 2 Kunstdekke på løpebana, Matre
- 3 Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda
- 4 Lysløype/turveg på Sleire
- 5 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 6 Turveg Haugsvær – Matre
- 7 Fleirbrukshall
- 8 Klubbhus Stordalen

##### B Nærmiljøanlegg

- 1 Sandvolleyballbane, Skolten
- 2 Ballbinge ved Skjelsundet
- 3 Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
- 4 Miniatyrskyttebane, Nordbygda
- 5 Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
- 6 Orienteringskart ved skulane
- 7 Vidare arbeid med turstigar på Kvingo

## **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 077/2017 VEDTAK:**

#### **Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for 2018:**

##### A Ordinære anlegg

- 1 Kunstgras på idrettsbana, Matre
- 2 Kunstdekke på løpebana, Matre
- 3 Rehabilitering friidrettsanlegg Nordbygda
- 4 Lysløype/turveg på Sleire
- 5 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 6 Turveg Haugsvær – Matre
- 7 Fleirbrukshall
- 8 Klubbhus Stordalen

##### B Nærmiljøanlegg

- 1 Sandvolleyballbane, Skolten

- 2 Ballbinge ved Skjelsundet
  - 3 Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
  - 4 Miniatyrskytebane, Nordbygda
  - 5 Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
  - 6 Orienteringskart ved skulane
  - 7 Vidare arbeid med turstigar på Kvingo
-

## **078/2017: Avvikling av kommunal heimevernsnemnd**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Jostein Kvamme Duesund og Ragnvald Tangedal vert fritatt frå sine verv som medlemmer i kommunal heimevernsnemnd.**

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 078/2017 VEDTAK:**

**Jostein Kvamme Duesund og Ragnvald Tangedal vert fritatt frå sine verv som medlemmer i kommunal heimevernsnemnd.**

---



## **079/2017: Sluttrapport - Matre Idrettsanlegg**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Sluttrapport for Matre idrettsanlegg vert tatt til orientering slik han ligg føre.**

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

John Torsvik stilte spørsmål om han var inhabil i saka sidan han var leiar i Masfjord Fotball. Det vart samrøystes vedteke at Torsvik var habil.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 079/2017 VEDTAK:**

**Sluttrapport for Matre idrettsanlegg vert tatt til orientering slik han ligg føre.**

---

## 080/2017: Biosfæreprosjektet

### Rådmannen sitt framlegg:

**Masfjorden kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.**

### 11.12.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### KS - 080/2017 VEDTAK:

**Masfjorden kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.**

---

## **081/2017: Gjennomføring av kommunale vigslar i Masfjorden kommune etter endring i ekteskapslova frå 1.1.2018**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

- Masfjorden kommunestyre vedtek at vigslsmynde gjeld for dei som er lovheimla, ordførar og varaordførar.
- Kommunestyresalen/kommunehuset er eit eigna lokale som vert godkjent for borgarlege vigslar
- Vigslaren får mynde til å avtale alternative stadar og tider for gjennomføring av vigslar.
- Kommunen sitt vigselstilbod er gratis for kommunen sine innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Norge, når det skjer på kommunehuset og innafor normalarbeidstid.
- Dersom vigsla skjer på alternative stadar og/eller tider kan kommunen kreve å få dekkja meirkostnader ved dette, etter nærare avtale.
- Administrasjonen får mandat til å utarbeide rutinar knytt til vigselstilbodet.

### **28.11.2017 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 117/2017 VEDTAK:**

- **Masfjorden kommunestyre vedtek at vigslsmynde gjeld for dei som er lovheimla, ordførar og varaordførar.**
- **Kommunestyresalen/kommunehuset er eit eigna lokale som vert godkjent for borgarlege vigslar**
- **Vigslaren får mynde til å avtale alternative stadar og tider for gjennomføring av vigslar.**
- **Kommunen sitt vigselstilbod er gratis for kommunen sine innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Norge, når det skjer på kommunehuset og innafor normalarbeidstid.**
- **Dersom vigsla skjer på alternative stadar og/eller tider kan kommunen kreve å få dekkja meirkostnader ved dette, etter nærare avtale.**
- **Administrasjonen får mandat til å utarbeide rutinar knytt til vigselstilbodet.**

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 081/2017 VEDTAK:**

- **Masfjorden kommunestyre vedtek at vigslsmynde gjeld for dei som er lovheimla, ordførar og varaordførar.**
- **Kommunestyresalen/kommunehuset er eit eigna lokale som vert godkjent for borgarlege**

### **vigslar**

- **Vigslaren får mynde til å avtale alternative stadar og tider for gjennomføring av vigslar.**
  - **Kommunen sitt vigselstilbod er gratis for kommunen sine innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Norge, når det skjer på kommunehuset og innafor normalarbeidstid.**
  - **Dersom vigsla skjer på alternative stadar og/eller tider kan kommunen kreve å få dekkja meirkostnader ved dette, etter nærare avtale.**
  - **Administrasjonen får mandat til å utarbeide rutinar knytt til vigselstilbodet.**
-

## 082/2017: Kraftfondsbudsjett for 2018

### Rådmannen sitt framlegg:

1. Årsbudsjettet for kraftfondet 2018 vert fastset slik;

		<b>Budsjett</b>
		<b>2018</b>
<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	<b>-2 810 000</b>
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	<b>-110 000</b>
	Renteinntekter, fondsmidlane	<b>-50 000</b>
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 970 000</b>
<b>Utgifter:</b>	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	<b>1 000 000</b>
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2018	<b>430 000</b>
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	<b>220 000</b>
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	<b>100 000</b>
	Sertifikatordninga	<b>50 000</b>
	Tilrettelegging bustadføremaal	<b>600 000</b>
	Andre næringsiltak - (GMU med 250.000)	<b>250 000</b>
	Etableringstilskot	<b>200 000</b>
	Frie fondsmidlar til fordeling	<b>120 000</b>
	<b>Sum utgifter</b>	<b>2 970 000</b>

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

### 07.11.2017 KRAFTFONDSSTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### KRFT - 018/2017 VEDTAK:

1. Årsbudsjettet for kraftfondet 2018 vert fastset slik;

		<b>Budsjett</b>
		<b>2018</b>
<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	<b>-2 810 000</b>
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	<b>-110 000</b>
	Renteinntekter, fondsmidlane	<b>-50 000</b>
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 970 000</b>
<b>Utgifter:</b>	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	<b>1 000 000</b>
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2018	<b>430 000</b>
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	<b>220 000</b>
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	<b>100 000</b>
	Sertifikatordninga	<b>50 000</b>
	Tilrettelegging bustadføremål	<b>600 000</b>
	Andre nærings tiltak - (GMU med 250.000)	<b>250 000</b>
	Etableringstilskot	<b>200 000</b>
	Frie fondsmidlar til fordeling	<b>120 000</b>
	<b>Sum utgifter</b>	<b>2 970 000</b>

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

#### 11.12.2017 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

#### KS - 082/2017 VEDTAK:

1. Årsbudsjettet for kraftfondet 2018 vert fastset slik;

		<b>Budsjett</b>
		<b>2018</b>
<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	<b>-2 810 000</b>
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	<b>-110 000</b>
	Renteinntekter, fondsmidlane	<b>-50 000</b>
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 970 000</b>
<b>Utgifter:</b>	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	<b>1 000 000</b>
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2018	<b>430 000</b>
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	<b>220 000</b>
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	<b>100 000</b>
	Sertifikatordninga	<b>50 000</b>
	Tilrettelegging bustadføremål	<b>600 000</b>
	Andre nærings tiltak - (GMU med 250.000)	<b>250 000</b>
	Etableringstilskot	<b>200 000</b>
	Frie fondsmidlar til fordeling	<b>120 000</b>
	<b>Sum utgifter</b>	<b>2 970 000</b>

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist

**1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.**

---

## 083/2017: Årsbudsjett 2018 og økonomiplan & handlingsplan 2018-2021

### Rådmannen sitt framlegg:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2018 utgjør 216,7 mill. kr i driftsinntekter, jf. økonomisk oversyn drift, og vert lagt fram i balanse. Netto driftsresultat er - kr 1 586 000. Frie disponible inntekter i budsjett for 2018 er 155 mill. kr., skjema 1A. Med netto finanstransaksjoner på – 5,522 mill. kr og netto avsetningar på 1,586 000 kr, vert det 151.021.676 kr til fordeling til drift, skjema 1B, og fordelar seg slik pr rammeområde;

<b>BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER</b>	
	<b>Framlegg B 2018</b>
01 Folkevalgte organ	2 082 928
02 Administrasjon	13 435 105
03 Barnehage	18 170 740
04 Skule	41 814 916
05 Helse	10 099 600
06 Sosial og barnevern	5 006 000
07 Pleie og omsorg	46 530 578
08 Kultur	6 249 216
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	6 576 825
11 Andre tenesteområder	-2 444 232
<b>Sum overført til 1A</b>	<b>151 021 676</b>

Rammeområde kyrkja utgjør samla 3,5 mill.kr. i 2018, fordelt med driftstilskot kr. 2.173.300 til Masfjorden kyrkjelege fellesråd (MKF), tenesteytingsavtale utgjør 391.700 og kompensasjon rente- og avdrag kr. 320.000,-, driftstilskot andre trusamfunn utgjør kr. 40.000, og driftstilskot frivilligheitsentral utgjør kr. 65.000,-. Driftstilskot med kr 510 000 til kyrkjegardar.

For eideomsskattåret 2018 vert det skriven ut eideomsskatt på verk og bruk, jf. eideomsskattelova (esktl.) §3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eideomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jf. esktl. §11 første ledd.

Investeringsbudsjettet 2018 utgjør



<b>BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR</b>	
	<b>Budsjett 2018</b>
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>	
- EDB-felles	500 000
- Breiband	3 500 000
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000</b>
- Omsorgsbustad Hosteland	34 500 000
<b>Kommunale vegar</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Bustadfelt - tilrettelegging</b>	<b>750 000</b>
<b>VAR</b>	<b>600 000</b>

Og med følgjande tiltak under hhv.

<b>Investering</b>	<b>Budsjett 2018</b>
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000,-</b>
Ventilasjon Indre Masfjorden barnehage	1.000.000,-
Nordbygda Skule, Takstein	1 000 000,-
Nordbygda Skule, Vindu	500 000,-
Maling kommunale bygg, Sandnes skule, Omsorgsbustadar Hosteland, legekantor.	300.000,-
Masfjorden sjukeheim ringesignal	500 000,-
<b>Kommunale Vegar</b>	<b>1.000.000,-</b>
Haugsdal gamle kai	100.000,-
2 Indre Masfjorden barnehage - BjørnWest	200.000,-
3 Byrkjeland	300.000,-
5 Fossdalen	100.000,-
Gunnarbuøyra	300.000,-
<b>VAR</b>	<b>600 000 -</b>
Oppgradering av IT utstyr vassverk/ kloakkpumpestasjon/ vassmålarar	300 000,-
Beredskapstilkopling vassforsyning -	100 000,-
Oppgradering avløp Amundsbotn	200 000,-

Økonomiplan 2018 – 2021, driftsrammer jf. vedtekne driftsrammer i rammesaka 2018-2021 og KS sak 43/17

Økonomiplan/Investeringsplan 2018 – 2021

<b>BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR</b>				
	<b>B 2018</b>	<b>B 2019</b>	<b>B 2020</b>	<b>B 2021</b>
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>	<b>27 150 000</b>	<b>16 150 000</b>	<b>16 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>				
- EDB-felles	500 000	500 000	500 000	500 000
- Breiband	3 500 000			
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>
<b>Omsorgsbustadar Hosteland</b>	<b>34 500 000</b>			
<b>Fensfjordbygg</b>		21 000 000		
<b>Kommunale vegar</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Masfjordsambandet - Masfjordbrua</b>			10 000 000	10 000 000
<b>Bustadfelt - tilrettelegging</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>
<b>VAR</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>

Avskrivningane i 2018 budsjett vert justert i tråd med aktiverte investeringar i rekneskapen for 2017.

Handlingsplan 2018-2021 vert innarbeidd som del av saldert budsjett 2018 og handlingsplan m/økonomiplan 2018-2021 på nyåret

#### **07.11.2017 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - 109/2017 VEDTAK:**

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2018 utgjer 216,7 mill. kr i driftsinntekter, jf. økonomisk oversyn drift, og vert lagt fram i balanse. Netto driftsresultat er - kr 1 586 000. Frie disponible inntekter i budsjett for 2018 er 155 mill. kr., skjema 1A. Med netto finanstransaksjoner på - 5,522 mill. kr og netto avsetningar på 1,586 000 kr, vert det 151.021.676 kr til fordeling til drift, skjema 1B, og fordelar seg slik pr rammeområde;

<b>BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER</b>	
	<b>Framlegg B 2018</b>
01 Folkevalgte organ	2 082 928
02 Administrasjon	13 435 105
03 Barnehage	18 170 740
04 Skule	41 814 916
05 Helse	10 099 600
06 Sosial og barnevern	5 006 000
07 Pleie og omsorg	46 530 578
08 Kultur	6 249 216
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	6 576 825
11 Andre tenesteområder	-2 444 232
<b>Sum overført til 1A</b>	<b>151 021 676</b>

2. Rammeområde kyrkja utgjer samla 3,5 mill.kr. i 2018, fordelt med driftstilskot kr. 2.173.300 til Masfjorden kyrkjelege fellesråd (MKF), tenesteytingsavtale utgjer 391.700 og kompensasjon rente- og avdrag kr. 320.000,-, driftstilskot andre trusamfunn utgjer kr. 40.000, og driftstilskot frivilligheitsentral utgjer kr. 65.000,-. Driftstilskot med kr 510 000 til kyrkjegardar
3. For eigedomsskattåret 2018 vert det skriven ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova (esktl.) §3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jf. esktl. §11 første ledd.
4. Investeringsbudsjettet 2018 utgjer :

<b>BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR</b>	
	<b>Budsjett 2018</b>
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>	
- EDB-felles	500 000
- Breiband	3 500 000
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000</b>
- Omsorgsbustad Hosteland	34 500 000
<b>Kommunale vegar</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Bustadfelt - tilrettelegging</b>	<b>750 000</b>
<b>VAR</b>	<b>600 000</b>

Og med følgjande tiltak under hhv.

Investering	Budsjett 2018
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000,-</b>
Ventilasjon Indre Masfjorden barnehage	1.000.000,-
Nordbygda Skule, Takstein	1 000 000,-
Nordbygda Skule, Vindu	500 000,-
Maling kommunale bygg, Sandnes skule, Omsorgsbustadar Hosteland, legekantor.	300.000,-
Masfjorden sjukeheim ringesignal	500 000,-
<b>Kommunale Vegar</b>	<b>1.000.000,-</b>
Haugsdal gamle kai	100.000,-
2 Indre Masfjorden barnehage - BjørnWest	200.000,-
3 Byrkjeland	300.000,-
5 Fossdalen	100.000,-
Gunnarbuøyra	300.000,-
<b>VAR</b>	<b>600 000 -</b>
Oppgradering av IT utstyr vassverk/ kloakkpumpestasjon/ vassmålarar	300 000,-
Beredskapstilkopling vassforsyning -	100 000,-
Oppgradering avløp Amundsbotn	200 000,-

- Økonomiplan 2018 – 2021, driftsrammer jf. vedtekne driftsrammer i rammesaka 2018-2021 og KS sak 43/17
- Økonomiplan / Investeringsplan 2018 – 2021:

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR				
	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>	<b>27 150 000</b>	<b>16 150 000</b>	<b>16 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>				
- EDB-felles	500 000	500 000	500 000	500 000
- Breiband	3 500 000			
<b>Kommunale bygg</b>	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
<b>Omsorgsbustadar Hosteland</b>	34 500 000			
<b>Fensfjordbygg</b>		21 000 000		
<b>Kommunale vegar</b>	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>Masfjordsambandet – Masfjordbrua</b>			10 000 000	10 000 000
<b>Bustadfelt – tilrettelegging</b>	750 000	750 000	750 000	750 000
<b>VAR</b>	600 000	600 000	600 000	600 000

- Avskrivningane i 2018 budsjett vert justert i tråd med aktiverte investeringar i rekneskapen for 2017
- Handlingsplan 2018-2021 vert innarbeidd som del av saldert budsjett 2018 og handlingsplan m/økonomiplan 2018-2021 på nyåret

## 11.12.2017 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.:

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP):

Sandnes bad om at det vart protokollført at FrP kjem til å føreslå meir pengar til vedlikehald av veg i revidert budsjett i februar.

Rådmannen bad om fullmakt til å få på plass rett formulering i pkt 3 (sannsynlegvis endre bokstav c til d og ein ekstrasetning om ny taksering av alle objekt) etter samlinga med LVK den 12.des.

Kommunestyret slutta seg samla til dette.

Rådmannen sette fram følgjande tilleggspunkt (nr 9):

9. Kommunale avgifter, gebyr og betalingsattsar for 2018 følgjer av vedtak gjort av formannskapet i møte 7./28.nov, jf møteprotokoll etter dette møte.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå rådmann lagt fram i møtet vart samrøystes vedteke

-----

Rådmannen har i etterkant av møte formulert følgjande i pkt 3

*For eigedomsskatteåret 2018 vert det skriven ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova (esktl.) §3 første ledd bokstav c. Den alminneleg eigedomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jf. eksktl. §11 første ledd. Budsjettforliket 22.11.2017 og statsbudsjettet 2018 inneber endringar i eigedomsskattelova, og definisjonen verk og bruk vert fjerna. Kommunestyret delegerer til rådmann å gjere aktuelle og nødvendige tilpassingar i høve nytt lovverk og at intensjonen / omfanget vert vidareført, noko som tilseier utskriving av eigedomsskatt etter bokstav d frå skatteåret 2019 slik framlegg til endring i eigedomsskattelova no føreligg. Kommunen set snarleg i gong arbeidet med retaksering av eigedomsskatteobjekta, med frist innan 1.3.2019.*

### **KS - 083/2017 VEDTAK:**

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2018 utgjer 216,7 mill. kr i driftsinntekter, jf. økonomisk oversyn drift, og vert lagt fram i balanse. Netto driftsresultat er - kr 1 586 000. Frie disponible inntekter i budsjett for 2018 er 155 mill. kr., skjema 1A. Med netto finanstransaksjoner på – 5,522 mill. kr og netto avsetningar på 1,586 000 kr, vert det 151.021.676 kr til fordeling til drift, skjema 1B, og fordelar seg slik pr rammeområde;

**BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER**

	Framlegg B 2018
01 Folkevalgte organ	2 082 928
02 Administrasjon	13 435 105
03 Barnehage	18 170 740
04 Skule	41 814 916
05 Helse	10 099 600
06 Sosial og barnevern	5 006 000
07 Pleie og omsorg	46 530 578
08 Kultur	6 249 216
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	6 576 825
11 Andre tenesteområder	-2 444 232
<b>Sum overført til 1A</b>	<b>151 021 676</b>

- Rammeområde kyrkja utgjer samla 3,5 mill.kr. i 2018, fordelt med driftstilskot kr. 2.173.300 til Masfjorden kyrkjelege fellesråd (MKF), tenesteytingsavtale utgjer 391.700 og kompensasjon rente- og avdrag kr. 320.000,-, driftstilskot andre trusamfunn utgjer kr. 40.000, og driftstilskot frivilligheitsentral utgjer kr. 65.000,-. Driftstilskot med kr 510 000 til kyrkjegardar.
- For eigedomsskatteåret 2018 vert det skriven ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova (esktl.) §3 første ledd bokstav c. Den alminneleg eigedomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jf. eksktl. §11 første ledd. Budsjettforliket 22.11.2017 og statsbudsjettet 2018 inneber endringar i eigedomsskattelova, og definisjonen verk og bruk vert fjerna. Kommunestyret delegerer til rådmann å gjere aktuelle og nødvendige tilpassingar i høve nytt lovverk og at intensjonen / omfanget vert vidareført, noko som tilseier utskriving av eigedomsskatt etter bokstav d frå skatteåret 2019 slik framlegg til endring i eigedomsskattelova no føreligg. Kommunen set snarleg i gong arbeidet med retaksering av eigedomsskatteobjekta, med frist innan 1.3.2019
- Investeringsbudsjettet 2018 utgjer :

**BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR**

	Budsjett 2018
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>	
- EDB-felles	500 000
- Breiband	3 500 000
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000</b>
- Omsorgsbustad Hosteland	34 500 000
<b>Kommunale vegar</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Bustadfelt - tilrettelegging</b>	<b>750 000</b>
<b>VAR</b>	<b>600 000</b>

Og med følgjande tiltak under hhv

Investering	Budsjett 2018
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000,-</b>
Ventilasjon Indre Masfjorden barnehage	1.000.000,-
Nordbygda Skule, Takstein	1 000 000,-
Nordbygda Skule, Vindu	500 000,-
Maling kommunale bygg, Sandnes skule, Omsorgsbustadar Hosteland, legekantor.	300.000,-
Masfjorden sjukeheim ringesignal	500 000,-
<b>Kommunale Vegar</b>	<b>1.000.000,-</b>
Haugsdal gamle kai	100.000,-
2 Indre Masfjorden barnehage - BjørnWest	200.000,-
3 Byrkjeland	300.000,-
5 Fossdalen	100.000,-
Gunnarbuøyra	300.000,-
<b>VAR</b>	<b>600 000 -</b>
Oppgradering av IT utstyr vassverk/ kloakkpumpestasjon/ vassmålarar	300 000,-
Beredskapstilkopling vassforsyning -	100 000,-
Oppgradering avløp Amundsbotn	200 000,-

- Økonomiplan 2018 – 2021, driftsrammer jf. vedtekne driftsrammer i rammesaka 2018-2021 og KS sak 43/17
- Økonomiplan / Investeringsplan 2018 – 2021

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR				
	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
<b>Investering i anlegg</b>	<b>44 150 000</b>	<b>27 150 000</b>	<b>16 150 000</b>	<b>16 150 000</b>
<b>IKT-investeringar</b>				
- EDB-felles	500 000	500 000	500 000	500 000
- Breiband	3 500 000			
<b>Kommunale bygg</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>	<b>3 300 000</b>
<b>Omsorgsbustadar Hosteland</b>	<b>34 500 000</b>			
<b>Fensfjordbygg</b>		21 000 000		
<b>Kommunale vegar</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Masfjordsambandet - Masfjordbrua</b>			10 000 000	10 000 000
<b>Bustadfelt - tilrettelegging</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>	<b>750 000</b>
<b>VAR</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>	<b>600 000</b>

- Avskrivningane i 2018 budsjett vert justert i tråd med aktiverte investeringar i rekneskapen for 2017
- Handlingsplan 2018-2021 vert innarbeidd som del av saldert budsjett 2018 og handlingsplan m/økonomiplan 2018-2021 på nyåret.
- Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar for 2018 følgjer av vedtak gjort av

formannskapet i møte 7./28.nov, jf møteprotokoll etter dette møte.

---

## **084/2017: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

#### Referatsaker:

Skriv 1: Møteutskrift - Kontrollutval 29.november 2017

Skriv 2: Skolefritidsordningen

Skriv 3: Prosjektmandat Velferdteknologiprogrammet

Skriv 4: Brev med avgjerd om busetting av flyktningar i 2018

Skriv 5: Invitasjon til å delta i finansieringsordningen for digitaliseringsprosjekter

Rådmannen fekk fullmakt til å melde kommunen på denne ordninga.

#### Orientering frå ordførar:

Ordførar la fram framlegg til samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune og Masfjorden kyrkjelege fellesråd. Kommunestyret slutta seg samla til at kommunen kunne inngå denne avtalen.

### **KS - 084/2017 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering

---



## **085/2017: Endeleg godkjenning av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Framlegg til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert godkjendt slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.**

### **11.12.2017 KOMMUNESTYRET**

John Torsvik spurte om han var inhabil i denne saka sidan han er leiar i Idrettsrådet. Det vart samrøystes vedteke at Torsvik var habil.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 085/2017 VEDTAK:**

**Framlegg til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert godkjendt slik det ligg føre. Merknadene frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vert arbeidde inn i planen.**

---

Rett utskrift frå møtebok frå kommunestyret 11.12.17 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Lene Hansen Kvamsdal  
kommunestyremedlem

---

Jon Hope  
kommunestyremedlem